

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021**

**Morten Klementsen (U)** sette fram slikt forslag:

«Fråsegn

**MVA-fritak for alternativ behandling**

Frå 1. januar i år blei det innførd 25 % merverdiavgift på alternativ behandling. Dette oppleves sterkt usosialt og rammer dei svakaste i samfunnet hardast.

I 2018 brukte nordmenn 4,7 mrd. kroner i året på alternativt behandling. (Kilde NAFKAM Nasjonalt forskningssenter innen komplementær og alternativ medisin). NAFKAM seier at nesten 40 % av oss benytter ein eller annan form for alternativ behandling årleg. Pasientar brukar oftast alternativ behandling som eit supplement til skulemedisin.

Ser ein til dømes til Sentral-Europa vert skulemedisin og alternativ behandling på sjukehus ofte nyttar komplimentært i felles samarbeid, for pasientens beste. Så langt har vi dessverre ikkje kome i Norge endå.

Alternativ behandling er ein samlebetegnelse på behandlingsformar som i hovudsak nyttast utanfor evidensbasert medisin. Nokre av behandlingsformane utførast av helsefagleg utdanna personar. Dei 5 mest brukte alternative behandlingane er massasje, akupunktur, naprapati, healing og soneterapi. Brukarar begrunner ofte valet av behandlingsforma med ein subjektiv oppleving av positiv effekt.

Fylkestinget i Vestland meiner at alternativ behandling bør være mva-fritt.

Det var 64 representanter tilstades.

### **Avrøysting**

Klementsen sitt forslag fekk 13 røyster (3U (Morten Klementsen, Hege N. Dale, Leif Fjellro), FNB, Pp, R) og fall.

### **Vedtak**

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.